

Jakob og Anna K Valle
Spjotøyvegen 347
5955 Lindås

LINDÅS KOMMUNE
BYGGESAKSAVDELINGA
postmottak@lindas.kommune.no

UTTALE TIL KLAGE – GBNR. 83/1, SPJOTØY

Dykkar ref. 16/3814 – 17/11252

Me har motteke Fylkesmannen si klage, dat. 7.april 2017.

Slik me tolkar tilbakemeldingane frå Fylkesmannen er det fylling på vestsida av eksisterande kai som er problematisk, sjølv etter vårt korrigerede framlegg frå mars d.å.

I Fylkesmannen sin uttale frå 20.februar 2017 heiter det :

«Fylkesmannen har ikkje merknader til at eksisterande naust vert rive og bygd opp igjen med noko utviding...»

«.. Vi rår til å samla inngrepa i sjøen framfor naustet, og ikkje fylle ut i sjø vest for båtopptrekket...»

På bakgrunn av dette endrar me tiltaket slik at det vert fylling berre i naustvika, på austsida av eksisterande kai.

Vonar me med dette kan få dispensasjon for tiltaket.

Spjotøy, den 20.april 2017
Mvh
Jakob og Anna K Valle